

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
080/12	Formannskapet	24.09.2012	BFL

Sakshandsamer: Berit Fløisand

Arkivsaknr 12/709

BUDSJETT 2013 - ØKONOMIPLAN 2013-2016 - RAMMER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.09.2012	SVAR PÅ 3 SPØRSMÅL FRÅ FORMANNSKAPET - TEKNISK DRIFT 17.9.12.PDF	50336
18.09.2012	REVIDERTE MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTEOMRÅDA PR. 18.9.12.PDF	50337
18.09.2012	KOMBINASJONAR AV SKULAR OG KLASSETAL SISTE VERSJON.PDF	50341

Ikkje vedlegg: Saksdokument/vedlegg til F-sak 73/12- 19.06.12

Dokument sendt/levert formannskapet til budsjettverkstaden 10. og 11.09.2012. Alle dokumenta ligg på heimesida til kommunen.

Faktiske opplysninger/Vurdering:

Formannskapet gjorde i møte 19.06.12 følgjande vedtak vedr. budsjettprosessen:

*”Budsjettkonferansen i november vert flytta til 10. og 11. september 2012.
Rådmannen må til dette møtet m.a. utarbeida følgjande kuttliste i 2 alternativ:
3,5 % innsparing og 5 % innsparing på brutto driftsrammer til einingane.
Kostnadane skal reduserast med nedbemanning, evt. også ved auka inntekter.
Ad-hoc utvala oppnemnt i K-sak 25/12 skal levera sluttrapport frå sitt arbeid i veke 35.”*

På budsjettverkstaden vart kuttframlegg for tenesteområda, ad-hoc utvala sine rapportar, oppdatert økonomiplan pr. dato og KOSTRA-analyse utarbeidd av KS presentert og drøfta.

Formannskapet bad administrasjonen i tillegg gjera følgjande utgreiingar/vurderingar til formannskapet sitt møte 24.09 (sjå vedlegg):

1. Innsparing vedlikehaldskostnader ved reduksjon av tal km kommunal veg.
2. Kan ein spara noko på å omorganisera Holdhus og Eikelandsosen vassverk i eit A/S.
3. Ombygging av deler av FBBS frå sjukeheimplassar til omsorgsbustader. Kor mange plassar kan vi få? Kva investeringar krevst?
4. Berekna strukturendringar – skule. Oppdatera elevtal, klassetal m.m.
Vurdera konsekvensar i høve til barnehage

Vi har også gjort nokre endringar i ”kuttlistene” som vart levert formannskapet 11.09.2102. Dette er markert med **raud farge** i vedlagde reviderte liste pr. 18.09.12. Det er ikkje gjort endringar for tenesteområda helse, omsorg, barnevern og sosiale tenester.

Saka vert lagt fram for formannskapet utan tilråding.

Formannskapet skal i denne saka gje rammer/føringar for rådmannen sitt vidare arbeid med årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013—2016.

Framdriftsplanen vidare:

- Innan 02.11.: Rådmannen utarbeider arbeidsnotat/premissar som grunnlag for formannskapet si tilråding til årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016.
- 28.11: Formannskapet gjev innstilling til årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016.
- 19.12: Kommunestyret vedtek årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016.